

Liv, tap, kjærleik og samhald

- Kull og vatn



«Liv, tap, kjærleik og samhald» er eit konseptuelt kunstverk der *prosessen* og det som *gjøymmer seg bak- og i* materiala er like viktig som det ferdige verket i seg sjølv slik det heng på veggen.

(elevsitat i innrykk og kursiv)

Vi starta med å bestemme oss for å jobbe med kull og vatn. Kull kjem av brann, og vatn er noko ein prøver å redde med. Men vatn kan óg kan skade hus og material. Samtidig blei kull og vatn til en slags maling.

Kunstverket skjuler fantastiske teikningar, men no som rivne fragmenter og bak kull og vatn. Ein grå papirbit i verket skjuler kanskje flotte fargar og nydelege strekar – noko vi ikkje kan sjå slik det var lenger.

Elevanes første oppgåve var å teikne noko dei syns blei skikkeleg fint. Neste trinn var å «øydelegge» teikningen med kull og vann.

Det satt i sving mange kjensler.

«Eg vil ikkje!»

«Måååå eg...?»

Dei har vore gjennom prosessar der dei har kjent på korleis det er når noko du er nøgd med, noko du vil ta vare på må bli noko anna. Heilt eller delvis borte.

Kunstverket symboliserar kva ein kjenner når noko ein synst er fint blir øydelagt i brann.

Undervegs snakka elevane om korleis det kan vere når det oppstår brann i eit hus eller eit rom. Det treng kanskje ikkje vere meir enn mindre skadar. Likavel kan det hende mykje blir øydelagt. Mykje ein er glad i kan gå tapt. Noko kan ein kanskje klare å redde, men for mange av dei som opplever ei slik hending i livet er det mange flotte ting og minner som blir revne i bitar.

Arbeidet har ført til mange refleksjonar om dei djupare spørsmåla i livet. Korleis ein må akseptera endring når noko opprivande skjer, og kor viktig det er å stå saman – som familie, vener, naboar – men òg som samfunn.

Ein må vere budd på å miste noko eller nokon ein er glad i. Kjenne på tap.

Sirkelen symboliserar samhald. Vi må holde saman i vanskelege tider. Det er viktig å hugse på at ein ikkje er åleine, og vi må vere der for kvarande.

Vi treng kvarandre når vi møter motgang.




Proessen og arbeidet med verket er like viktig for klassen som sjølve verket. Den satt igong empatiske refleksjonar hos elevane – og ikkje minst takksemd.


Takksemd for det ein har og er glad i.




Tekst og foto:

Vigdis Valde, faglærer i Kunst og handverk, Grasdalen skule

Bileter frå prosessen:









(Under den siste monteringa, der vi justerte gråpapiret og spikra fast verket til den stødige finerplata, hadde eg ikkje med kamera.)